

Høyring av verneplan for skog

Utviding av Bandaksliane og Lynglifjell naturreservat i Kviteseid kommune



Foto: Biofokus

**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
Mai 2026**

Innhald	side
1. Bakgrunn.....	3
2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern.....	3
3. Heimelsgrunnlag.....	3
4. Saksgang.....	4
5. Verneplanen sitt omfang.....	7
6. Faktaark.....	7
Vedlegg 1. Forslag til endringsforskrift.....	12
Vedlegg 2. Eksisterande forskrift.....	13

Vedlegg: Vernekart er lagt ved høyringa som eige vedlegg.

1. Bakgrunn

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sender med dette på høyring framlegg til utviding av verneområdet Bandaksliane og Lynglifjell naturreservat i Kviteseid kommune.

Bakgrunnen for framlegget er eit tilbod frå grunneigarane i området om frivillig vern av skog. Det første tilbodet kom inn 20.8.2020 via AT Skog og fire private grunneigarar. Det kom seinare inn eit tilbod frå ein grunneigar til, 1.11.2021 via AT Skog. Det er gjort registreringar av naturverdiane i området i 2022 som dokumenterer verdier som kvalifiserer for vern etter naturmangfoldloven. Etter oppstart har Statsforvaltaren blitt gjort oppmerksom på to feil i oppstartskartet, disse er retta opp til høyringa.

2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern

Meld. St. 14 (2015 – 2016) *Natur for livet* legg opp til ei vidareføring av det langsiktige arbeidet med skogvern, mellom anna auka frivillig skogvern. Under handsaminga av meldinga bad Stortinget regjeringa sette mål om vern av både offentleg eigd skog og frivillig vern av privateigd skog til 10 % av skogarealet i landet. Naturfaglege evalueringar som ligg til grunn for prioriteringane i skogvernarbeidet er «*Naturfaglig evaluering av norske verneområder*», NINA rapport 535/2010 og «*Evaluering av norsk skogvern i 2016*», NINA rapport 1352/2017. Dette arbeidet er samtidig eit viktig bidrag til å nå [FNs berekraftsmål 15](#) som har som mål å verne, gjenoppretta og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, nedkjempe ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing samt stanse tap av artsmangfald.

Ved frivillig skogvern gir grunneigarane fylkesmennene tilbod om vern av aktuelle område. Det blir gjort naturfaglege registreringar og utarbeidd skogtakster for dei områda der det trengst. På grunnlag av tilbod og dei naturfaglege registreringane utarbeider Statsforvaltaren forslag til avgrensing av verneområdet. På grunnlag av tilbod og mal for verneforskrift for naturreservat utarbeider Statsforvaltaren forslag til verneforskrift som blir sendt til grunneigarane for kommentarar. Miljødirektoratet utpeikar ein skogsakkyndig som får i mandat å forhandle med grunneigarane eller grunneigarane sin representant. Ved semje blir det utarbeidd avtale der erstatningssum, forslag til verneforskrift og avgrensing av verneområdet blir avklart.

Det vanlege er at når staten og grunneigar er einige om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfoldloven. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneforslag likevel gjennomførast før avtale er signert. Frå avtaletidspunkt og fram til vernevedtak gjeld ei vederlagsordning. Utbetaling av erstatningsbeløp skjer når vernevedtaket er fatta.

3. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfoldloven er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfoldloven, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfoldloven, som lyder slik:

” *Som naturreservat kan vernes områder som*
 a) *inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,*

- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”

4. Saksgang

Formell start på verneplanarbeidet for utviding av Bandaksliane og Lynglifjell naturreservat vart meldt 13. desember 2023 med namnet Utvidelse Bandaksliane 2, og frist for fråsegner var 1. februar 2024. Statsforvaltaren melde oppstart på verneprosess for 11 område i same brev.

Det kom inn følgjande merknader til oppstartsmeldinga:

Landbruksdirektoratet (brev dagsett 19.12.2023) uttaler følgande:

«Som høringsinstans for forslag til opprettelse av nye naturreservat, ønsker vi å gi noen generelle innspill til verneprosessen.

Grundige områdebeskrivelser

Av høringsdokumentene må det tydelig framkomme om og i tilfelle hvordan det aktuelle området nyttes i landbrukssammenheng. Dersom det er landbrukshensyn i området som ikke ivaretas i utkast til forskrift, ber vi om at det begrunnes i høringsdokumentene.

Typiske landbruksinteresser kan være (listen er ikke uttømmende):

- o Skogsbilvei som er nødvendig for skogbruk på bakenforliggende arealer*
- o Traktorvei i forbindelse med jordbruk*
- o Støl/seterområde*
- o Beite*
- o Reindrift*

Utforming av verneforskrift

Dersom det går veier/ferdselsårer gjennom verneområdet, må Statsforvalteren vurdere om det kan gis bestemmelser om merking, rydding og vedlikehold av disse. Det bør legges til rette for drift og vedlikehold av eventuelle støl-/seterområder og åpnes for andre tekniske tiltak som bidrar til en landbruksmessig utnyttelse av området. Dersom slike tiltak ikke er ønskelig innenfor verneområdet, må det gis en faglig begrunnelse for dette i høringsdokumentene.

Beitebruk vil være aktuelt i mange områder som foreslås vernet som naturreservat. Det bør derfor vurderes om forskriften kan åpne for dette. Hvis ikke, må det redegjøres for

hvorfor i høringsdokumentene. Dersom det åpnes for beiting i området bør det også utarbeides bestemmelser for utsetting av saltsteiner og oppføring/vedlikehold av gjerder og sanketroer.

For alle tiltakene over må det vurderes om det kan gis bestemmelser om motorferdsel i forbindelse med tiltakene. Det bør gis generelt unntak fra ferdselsbestemmelsene i forbindelse med uttransportering av syke og skadde bufe.

Vi forutsetter at Statsforvalterens landbruks- og reindriftsfaglig kompetanse involveres i utforming av forskrift og verneplan. Det vil også være nyttig å involvere den lokale landbruksforvaltningen i arbeidet.»

Bane NOR (brev dagsett 11.01.2024) uttaler følgende:

«De varslede verneområdene berører ikke jernbanens interesser og vi har derfor ingen merknader.»

Norges vassdrags- og energidirektorat (brev dagsett 11.01.2024) uttaler følgende:

NVE ber Statsforvalteren sende verneforslag på høring til områdekonsesjonær Telemark Nett AS.

«Bandaksliane:

- *Digitalt kartlagt småkraftpotensial:*

Det er kartlagt digitalt vannkraftpotensial for små vannkraftverk innenfor det foreslåtte verneområdet.

Småkraftpotensialet for vannveien utgjør 1,62 GWh/år med en utbyggingskostnad på ca. 6,95 NOK/kWh (2023-priser). Småkraftpotensialet blir vurdert til å ligge nære de 20 % dyreste sammenlignet med andre vann- og vindprosjekter som har fått konsesjon, men som ikke er utbygd.

NVE ber statsforvalter om å orientere grunneierne om vannkraftpotensialet.»

Lede AS (brev dagsett 16.01.2024) uttaler følgende:

«Av de 11 områdene det er varslet oppstart av verneprosess for, er det kun ett område som ligger i nærheten av eksisterende elektrisk anlegg som driftes av Lede. Dette området omtales i varselet som Rollagåsen i Tinn kommune.»

Direktoratet for mineralforvaltning (brev dagsett 17.01.2024) uttaler følgende:

«Høgefjell, Tiurkollen, Bratterud, Rollagåsen, Nesfjellet, Fjellstulfjellet, Mælestauljuvet, Bandaksliane og Bjørnøya i kommunene Nissedal, Skien, Tinn, Seljord, Notodden, Kviteseid og Larvik.

DMF kan ikke se at det foreslåtte vernet kan få følger for registrerte forekomster av mineralske ressurser, bergrettigheter eller masseuttak i drift innenfor disse områdene. Her har vi derfor ingen merknader.»

Språkrådet (brev dagsett 22.01.2024) uttaler følgende:

«Bandaksliane (og Lynglifjell) (i Kviteseid kommune) (nr. 8)

*Det er òg her tale om ei utviding. Det eksisterande verneområdet fekk i desember 2022 namnet Bandaksliane og Lynglifjell naturreservat. I det tilsende oversiktsskjemaet er Bandaksliane åleine ført opp som namn på området. Sidan ein etter måten stor del av verneområdet ikkje ligg i liene attmed Bandak, men i halla ned mot Ånevatn og Vrådal, finn me det mest tilrådeleg at ein held på den fulle namneforma **Bandaksliane og Lynglifjell naturreservat.**»*

Forsvarsbygg (brev dagsett 31.01.2024) uttaler følgende:

«Vi viser til varsel om oppstart av verneprosess for 11 skogområder i Vestfold og Telemark. Det gjelder oppstart av verneprosess for områdene Høgfjell, Turkollen, Nesfjellet, Mælestauljuvet, Bjørnøya, Sprena, Granasneskollen og utvidelse av eksisterende naturreservat for Bratterudskog, Rollagåsen, Fjellstulfjellet og Bandaksliane.

Forsvarsbygg gir hørings svar i denne type saker med det utgangspunkt å ivareta Forsvarets arealbruksinteresser.

Vi ser ingen konflikter med de foreslåtte områdene. Vi ber imidlertid om at det generelle unntaket for militær operativ virksomhet og unntaket for avgang og landing med Forsvarets luftfartøy inntas i forskriftstekstene for de nye områdene.»

STATSFORVALTARENS KOMMENTARER TIL DEIØVRIGE INNKOMNE MERKNADENE

Når det gjeld innspelet frå Landbruksdirektoratet, så vil vi kommentere at området som er planlagt verna ikkje har støl/seterområde, men skulle det vera aktuelt med beitedyr er det tatt høgde for det og dei andre innspela i den opprinnelege verneforskrifta, jf. § 4 bokstav b og h, § 6 bokstav a, og § 7 bokstav h og p.

NVE ber Statsforvaltaren om å orientere grunneigarane om at det er kartlagt digitalt vannkraftpotensial for små vannkraftverk innanfor det foreslåtte verneområdet. Grunneigarane får dette høringsdokumentet tilsendt, og Statsforvaltaren reknar dette som tilstrekkeleg orientering. Vidare er områdekonsesjonær Telemark Nett satt opp på adresselista til høyringa.

Språkrådet finn det mest tilrådeleg å helde på det fulle namnet til det eksisterande verneområdet, *Bandaksliane* og *Lynglifjell naturreservat*. Statsforvaltaren er einige.

Når det gjeld merknaden frå Forsvarsbygg, så vil vi kommentere at det er teke omsyn til unntak for militær operativ verksemd og omsynet til militær luftoperativ verksemd i § 6, første ledd og § 6, bokstav g.

Andre innspel tas til etterretning.

Vidare sakshandsaming

Verneforslaget med skildring av området, vernekart og forslag til verneforskrift blir sendt på ei felles sentral og lokal høyring. Føremålet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli råka av det planlagde vernet.

Etter høyringa vil Statsforvaltaren summere opp innkomne fråsegner, kommentere desse og utarbeide ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil etter dette lage innstilling til Klima- og miljødepartementet (KLD) og vedtak om vern blir gjort ved kgl. res. av Kongen i statsråd.

5. Verneplanen sitt omfang

Tabell 1. Tabellen viser oversikt over grunneigarar, areal for utvidelsesareal og areal for eksisterande verneområde.

Namn	Kommune	Tal på grunneigarar	Eksisterande areal, daa	Utviding av eksisterande, daa	Totalareal, daa	Verneindeks
Bandaksliane og Lynglifjell naturreservat (utv.)	Kviteseid	5*	20 227	1617	21 844	5.75

*Eigendommnar med utvidingsareal: 24/2, 24/3, 25/1, 25/2 og 31/2. Sjå også kapittel 6 i faktaarket.

6. Faktaark

LOKALITET:	Bandaksliane og Lynglifjell utvidelse
KOMMUNE:	Kviteseid
FYLKE:	Telemark
VERNEKATEGORI:	Naturreservat
AREAL:	1617 daa
HØGDE OVER HAVET:	Ca. 90 - 759 m.o.h. (verneforslag)
EIGEDOMAR:	Gnr./bnr.: 24/2, 24/3, 25/1, 25/2 og 31/2

Faktaarket for tilbudsområdet er skriva på *bokmål* frå kartleggarane sin side, og vi har ikkje endra dette til nynorsk. All tekst i dette kapitlet, utanom det vi har lagt til, er difor på bokmål.

OMRÅDEBESKRIVELSE

Området er stort og variert og ligg sør for Strauman og Bandak. Det grensar til den austlege delen av det opprinnelege verneområdet. Ifølgje berggrunnskart består grunnen av metarhyolitt og metamorf tuff i vest, metabasalt og kvartsitt samt metamorf tuff og konglomerat/agglomerat vidare austover, og dei søraustlege delane består av granitt og granodioritt. Området ligg i nordboreal og mellomboreal vegetasjonssone. Både i nord og i sør er det gjort endringar i arronderinga etter kartlegging, for å utelukke dei aller mest høgtliggjande områda, da det vart funne marginale verdiar der.

Vegetasjon, skogstruktur og påvirkning

I de nedre partiene er store deler av skogen grandominert. Her forekommer det også partier med edelløv og annen løvskog. Ved Grasholspranget i nedre deler av lia helt vest i tilbudsområdet og på grensen til naturreservatet er det rik og frodig vegetasjon med blant annet kranskonvall, tysbast, brunrot, myskegras, trollbær, vårerteknapp, storklokke og myske, og her kommer det også inn edelløvtrær, samt større innslag av boreale treslag. Mot toppene går det mer over mot mellom- og nordboreale, fattige furuskoger på skrinne mark, mellom myr og berg.

Det er også stor variasjon i skogalder og skogbrukshistorikk. Ved Undemålnuten er det et parti med ungskog. I de nedre partiene er skogen mellom 100-150 år gammel, men enkelte

steder mye yngre. Her finnes imidlertid stedvis rikelig med dødved. Det forekommer også partier med ospesuksesjoner. Fra Midstaulbekken og videre vestover lia mot Den blå nibba er det partier med en del død ved av gran, bjørk og rogn. Innimellom finnes gamle ospesuksesjoner med stedvis høy tetthet av ospelæger. Grove osper finnes for øvrig spredt i lia, flere steder med arter fra lungeneversamfunnet. I øvre deler av lia er også et større parti med gammel gran. Trærne mot toppene er relativt gamle, anslagsvis 100-200 år, men tettheten av store gamle trær og dødved er lav. Omtrent all skog innenfor verneforslaget er registrert som naturskog etter Miljødirektoratets naturskogskart (skog etablert før 1940, ikke flatehogd).

Enkelte deler av skogen har stått urørt i lang tid, mens andre deler er nylig hogd og enkelte av disse er tilplantet. Disse områdene, samt søndre deler av toppartiet er derfor tatt ut av verneforslaget etter kartlegging.

Verneinteresser

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» artar og naturtypar omtalt. Det er artar som er sjeldne og som er gitt ulik status etter kor stor fare det er for utrydding. Status er henta frå Norsk Raudliste for artar 2021 frå Artsdatabanken og frå Norsk Raudliste for naturtypar 2018. EN = sterkt trua, VU = sårbar, og NT = nær trua, der «sterkt trua» er meir sjeldan enn «nær trua».

I partiene med dødved er det funnet en rekke kontinuitetskrevede arter som grønnsko (NT), svartsoneskjuka (NT), kjøttkjuka (NT) og hvit vedkorallsopp (NT), og rosenkjuka (NT) er vanlig. På grove osper er det fleire funn av soppen ospenålpute (VU). Det er i tillegg registrert tretåspett (NT), gubbeskjegg (NT), kort trollskjegg (NT), rynkeskinn (NT), rosenjodskinn (VU), nordlig aniskjuka (VU) og alm (EN).

Av rødlistede naturtyper forekommer mindre partier med høgstaudegranskog (NT) og kalk- og lågurtfuruskog (VU). I det øvre partiene ved Lindto finnes et areal på rundt 30 daa med frisk, rik edelløvsskog (NT).

Edelløvs skogen i nedre deler av lia går over i det eksisterende verneområdet og er tidligere registrert som en viktig (B-verdi), rik blandingsskog i lavlandet etter DN-håndbok 13. Helt nord-øst i verneforslaget er det tidligere registrert en gammel lavlandsblandingsskog av sørboreal gran utforming etter DN-håndbok 13. Denne lokaliteten er vurdert som svært viktig (A-verdi) da den er relativt stor med høy bonitet og rikhet. Området er et svært viktig leveområde for spetter, og det er registrert både hvitryggspett, gråspett og flaggspett. Det er også observert bøksanger og kattugle. Deler av lokaliteten ligger utenfor verneforslaget. Her er det også registrert nøkkelbiotopene *liggende død ved*, *gamle trær* og *rik bakkevegetasjon* etter MiS (Miljøregistrering i Skog). Skogen ved Lindto er en svært viktig (A-verdi), gammel boreal lauvskog (DN-håndbok 13). Her er også et stort område med nøkkelbiotopen *rik bakkevegetasjon* (MiS) registrert. Denne naturtypen lå tidligere delvis utenfor verneforslaget, men er nå tatt med i sin helhet.

Totalt sett er de nedre delene av det kartlagte området verdifullt for biologisk mangfold, med en rekke funn av kravfulle og rødlista arter, og sett i sammenheng med eksisterende tilgrensende verneområde er dette et svært verdifullt tillegg til skogvernet. De øvre partiene (fra Toi og oppover) har mer marginale verdier, og derfor har den øvre grensen til verneforslaget blitt endret etter kartlegging.

Mangeloppfyllelse og verneindeks

I henhold til mangelanalysen for skogvernet dekkjer området manglar knytte til rik edellausskog, gammal blandingslausskog, ospedominert skog, rik blandingskog, gammal granskog og skog på høg bonitet i låglandet.

Området fekk ein score på 5.75 på verneindeksen, med toppscore på arealandel død ved og arealandel gamle, store tre. Området fekk 1.75 poeng på Naturgitt mangfald, 2 poeng på Naturskognærleik og 2 poeng på Storleik. Det er mogleg å oppnå maksimalt 3 poeng i kvar kategori.



Foto: Biofokus

FØREMÅL

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- representerer bestemte typar natur i form av bekkekløfter, edellauvskog, boreal lauvskog og brannpåverka barskog.
- har særleg betydning for biologisk mangfald på grunn av sin storleik, og fuktige skogsmiljø med mellom anna ein velutvikla bergveggsflora av lav og mosar, samt sjeldne og trua artar bl.a. tilknytt daud ved som brannstubbar

ANDRE INTERESSER

Det går fleire traktorvegar inn i området. Desse er teikna inn i vernekartforslaget.

TEKNISKE INNGREP

Toppunktet til ei gammal taubane ligg eit stykke innanfor den sørlege vernegrensa. Denne er ikkje lenger i bruk.

PLANSTATUS

Arealet ligg i område satt av til LNF (landbruks- natur- og friluftsområde) formål i kommuneplanens arealdel. Dei sørlegaste områda ligg innanfor hensynssone H530, hensynssone for friluftsliv.

MERKNADER

Ingen merknader.

FORVALTNINGSMYND

Forvaltningsmynda blir fastsett gjennom verneforskrifta ved vernevedtak.

Forvaltningsmynda er i dei fleste verneområde lagt til Statsforvaltaren. Når eit naturreservat strekkjer seg over fleire kommunar, er det ikkje høve til å delegere forvaltningsmynde til kommunane, då ordninga føreset at verneområdet ligg i si heilheit innanfor éi kommune. For naturreservat som omfattar areal i fleire kommunar, vil forvaltningsmynda derfor liggje hos Statsforvaltaren.

For utvidinga av Bandaksliane og Lynglifjell naturreservat vil Statsforvaltaren vere forvaltningsmynde for heile verneområdet.

SKOGBRUKSOPPLYSNINGER

Tabell 3. Tabellen viser skogbruksopplysningar for utvidingstilbodet.

Navn	Total-areal	Produktivt areal i daa				Annet areal i daa			Tilvekst	Volum
	daa	H	M	L	Sum	Myr	Vann	Annet	m ³ /daa	m ³
Utviding av Bandaksliane og Lynglifjell	1623	640	361	418	1419	24	0	180	0,39	37901

Skogbruksopplysningane er levert av AT Skog. Dataa er foreløpige og kan bli endra.

LITTERATUR

Naturbase: <http://naturbase.no/>

Artskart: <https://artskart.artsdatabanken.no/>

Skoganalyse: <https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/>

Vedlegg 1. Forslag til endringsforskrift**Forskrift om endring av forskrift om vern av Bandaksliane og Lynglifjell naturreservat, Kviteseid og Tokke kommunar, Vestfold og Telemark**

Fastsett ved kongeleg resolusjon ... med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfoldloven) § 34 og § 37. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

I

I forskrift 16.12.2022 nr. 2664 om vern av Bandaksliane og Lynglifjell naturreservat, Kviteseid og Tokke kommunar, Vestfold og Telemark, gjerast følgjande endringar:

Forskriftas tittel skal lyde:

Forskrift om vern av Bandaksliane og Lynglifjell naturreservat, Kviteseid og Tokke kommunar, *Telemark*

§ 1 skal lyde:

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a. *representerer bestemte typar natur i form av bekkeløfter, edellauvskog, boreal lauvskog og brannpåverka barskog.*
- b. *har særleg betydning for biologisk mangfald på grunn av sin storleik, og fuktige skogsmiljø med mellom anna ein velutvikla bergveggsflora av lav og mosar, samt sjeldne og trua artar bl.a. tilknytt daud ved som brannstubbar*

Det er eit mål å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 skal lyde:

Naturreservatet omfattar følgjande gnr/bnr.: Tokke: 145/4, 146/1. Kviteseid: 10/1, 11/3, 12/1, 12/5, 24/1, 24/2, 24/3, 25/1, 25/2, 26/1, 31/2, 33/2, 33/136.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 21 844 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert *Klima- og miljødepartementet [dato]*. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

II

Forskrifta trer i kraft straks.

Vedlegg 2. Eksisterande forskrift

Forskrift om vern av Bandaksliane og Lynglifjell naturreservat, Kviteseid og Tokke kommunar, Vestfold og Telemark

§ 1.Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som representerer bestemte typar natur i form av bekkekløfter, edellauvskog, boreal lauvskog og brannpåverka barskog. Vidare er føremålet å ta vare på eit område som på grunn av sin storleik har særleg betydning for biologisk mangfald, og som har særskilt naturvitskapeleg verdi på grunn av fuktige skogsmiljø med mellom anna ein velutvikla bergveggsflora av lav og mosar, samt sjeldne og truga artar bl.a. tilknytt daud ved som brannstubbar. Det er eit mål å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2.Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Tokke kommune: 145/4, 146/1. Kviteseid kommune: 10/1, 11/3, 12/1, 12/5, 24/1, 24/2, 26/1, 33/2, 33/136.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 20 227 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet desember 2022. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkt skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Tokke og Kviteseid kommunar, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3.Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna døde buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting og såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrelegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførsler, lagring av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

§ 4.Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. sanking av bær og matsopp
- b. beiting

- c. jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk
- d. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- e. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- f. vedlikehald av bygningar og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet
- g. forsiktig rydding av småbuskar og kvist på postar i samband med jakt på storvilt
- h. utsetjing av saltstein
- i. brenning av bål med tørrkvist eller ved ein har med seg, i samsvar med gjeldande lovverk
- j. drift og vedlikehald, samt nødvendig istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet
- k. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig
- l. vedlikehald av bilvegar, traktorvegar, driftsvegar for kraftline og stiar avmerka på vernekartet, i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet
- m. rydding av vegetasjon inntil 2 dekar rundt Ragnhildstaul på gnr./bnr. 33/2, avmerka på vernekartet.

§ 5.Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode, utanom eksisterande bilvegar, traktorvegar, driftsvegar for kraftline og stiar.

§ 6.Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er avgjort av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyringa
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor og ATV på eksisterande bilvegar, traktorvegar og driftsvegar avmerka på vernekartet
- c. naudsynt motorferdsel i forbindelse med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport utanom driftsveg for kraftleidningen skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsstyresmakta
- d. naudsynt motorferdsel på driftsveg for kraftleidning avmerka på vernekartet i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande energi- og kraftanlegg
- e. motorisert ferdsel på bilvegar avmerka på vernekartet
- f. oppkøyring av skiløype avmerka på vernekartet
- g. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

§ 7.Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- b. merking av eksisterande vegar og stiar
- c. hogst av etablerte plantefelt
- d. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- e. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- f. oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4 bokstav k
- g. naudsynt motorferdsel utanfor eksisterande driftsveg for kraftleidning i forbindelse med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftleidning
- h. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- i. øvingskøyning for formål nemnt i § 6 første ledd
- j. uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- k. gjenoppføring av bygningar, anlegg eller innretningar, som er blitt øydelagt ved brann eller naturskade
- l. rydding av vegetasjon rundt Mosslidhytta på gnr./bnr. 33/136 og jakthytte på gnr./bnr. 12/1 avmerka i vernekartet.
- m. rehabilitering av jakthytte på gnr./bnr. 12/1 avmerka i vernekartet og nødvendig motorferdsel på vinterføre for transport av materialar og utstyr i samband med dette
- n. nødvendig motorferdsel for transport av ved, materiale og utstyr til hytter avmerka på vernekartet
- o. bruk av reservatet i miljøtilpassa reiselivsverksemd etter plan godkjent av forvaltingsstyresmakta
- p. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav f, h, l og m og § 7 bokstav a, b, c, d, h og k.

§ 8.Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9.Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10.Forvaltingsplan

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11.Forvaltingsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsmynde etter denne forskrifta.

§ 12.Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft straks. Samtidig opphevast forskrift 6. desember 2019 nr. 1858 om vern av Bandaksliane naturreservat, Kviteseid og Tokke kommunar, Telemark.